

Rommetveit  
Båtlag

Referat  
frå årsmøtet i 2013

Årsmøtet vart halden i Samhald den  
14.03.2013 kl. 19:00. Det var 34 frammøtte medlemmer.

1.Opning av møtet ved styreleiar  
Hans Aarbø som ynskte alle velkomen.

2.Val av møteleiar: Hans Aarbø  
vart vald. Val av skrivar: Stein Stendahl vart vald.

3.Godkjenning av innkallinga: Innkallinga  
vart godkjend utan kommentarar.

4.Godkjenning av sakslista: Sakslista  
vart godkjend utan kommentarar.

5.Val av to medlemmer til å  
underskrive protokollen: Karsten Tyse og Ole Fjæra vart vald.

6.  
Årsmeldinga: Årsmeldinga  
var sendt ut på førehand og vart ikkje lese opp i møtet. Styreleiaren

presiserte at alle medlemmer har plikt til å setja seg inn i vedtektene og hamnereglane og fylgja dei.

Det er eigar av båt plassar som er ansvarlig for at leigetakar også gjer dette.

7.Årsmeldinga vart godkjend utan merknader.

8.Rekneskap 2012: Håkon

Beltestad gjorde greie for Resultatrekneskap, Balanse, Avskrivningar og likviditetsbudsjett med likviditetsanalyse, og viste samanliknande statistikkar. Rekneskapen vart godkjend av årsmøtet utan kommentarar. Det vart frå salen gjeve honnør til rekneskapsføraren for framifrå arbeid med rekneskapen og budsettet.

9.Vedtektsendringar, forslag: Det var ikkje kome inn forslag til endringar av vedtektene eller andre forslag.

10.Kontingent, avgifter, innskot, verdi av båtpassar, osb.:

Styret hadde framlegg om å halda medlemskontingent og plassavgifter på same nivå som i fjor. Verdien på båt plassane skal justerast etter konsumprisindeksen. Dette har ikkje vorte utført sidan alle båt plassprisane vart oppjustert i utbygginga. Det vart vedteke at plassane skal justerast etter indeksen for dei to åra som er gått, og sidan kvart år. Dette skal og gjelda verdien av bodene.

11.Budsjett 2013:

Budsjettet for inneverande år vart gjennomgått og godteke. Det vart noko ordskifte om leigetakstar på å laga joller på planen, og det kom fram synspunkt på at det måtte verta rettferd i dette ved å og å senda rekning til dei jollene som ligg gratis innst i hamna mellom molo nord og A-brygga, og at og båthengjarane skal betala plassleige. Styret framheva at vedtaket

om avgift for langtidslagring av små og store båtar på land, og tomme hengarar, vart gjort i Årsmøtet i 2010.

Det er først i haust styret har starta effektivering av dette, og at ein vil fortsetta med hengarar til våren.

12.Val: Dei framlegga som vart lagd fram av valnemnda vart samrøystes vedteke.

Fylgjande personar utgjer no styret, sit i komitear og andre

verv:

Leiar: Hans Aarbø, attval – Økoleiar/nestleiar: Alf Martin Wikdahl, ny. –

Sekretær: Egil Bergesen, ikkje på val. – Hamneleiar: Svein Onarheim, attval. –

Tiltaksleiar: Jan K. Oma, ikkje på val. – Vedlikehaldsleiar: Stein Stendahl, ikkje på val.

Varamerlemmer til

styret: Bjarne Engevik, Gunnar Førland og Gisle Oma vart attvald.

Arrangementskomite: Ernst

Wilhelmsen, Kari Aas, Ingrid Johanne Eskeland vart attvald.

Hamnekomite: Bjarne

Engevik, Gunnar Førland og Gisle Oma vart attvald, medan Arild Slaalie vart nytt medlem.

Husleiar:

Til ny husleiar vart vald Ole Fjæra etter Oddvar Lauksund.

Revisorar: Sigurd T.

Bendixen vart attvald, medan Reidar Holsen ikkje var på val i år.

Valkomite: Råmund

Rommetveit, leiar, og Helge F. Steffensen vart attvald, medan Øyvind Bie vart nytt medlem.

13.Avslutning:Møteleiaren takka på vegne av dei frammøtte alle dei som slutta i sine verv for framifrå arbeid og ynskte dei nye vekomne. Møtet vart heva kl.20:45.

Stord,  
14.03.2013

Stein Stendahl